



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 03.04.2020  
Vår ref: 18/03630-14  
Deres ref:

## **Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Steinbrudd i Eringsdalen i Høyanger kommune. Tiltakshavar: Statkraft Energi AS**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon datert 11.10.2018 fra Statkraft Energi AS med org.nr. 987 059 729.

### **1. Tildeling av driftskonsesjon**

DMF tildeler Statkraft Energi AS med org.nr. 987 059 729, heretter kalla «Tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Steinbrudd i Eringsdalen på eigedomene gnr./bnr. 62/1 og 62/4 i Høyanger kommune. Mineralførekomensten Hører til kategorien mineral som grunneigarane eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 10 dekar og går fram av kart over Konsesjonsområdet, sjå vedlegg 1.

Området er i kommuneplanen sin arealdel sett av til landbruks- natur og friluftsområde (LNF). Det følgjer av vedtak datert 27.05.2019 at NVE godkjener overordna detaljplan for miljø og landskap datert 01.10.2018 for damrehabiliteringar i Eringsdalen, Langedalen og Norddalen ved Høyanger kraftanlegg i Høyanger og Balestrand kommunar. Eitt av vilkåra i vedtaket er at det skal sendast inn detaljplanar for miljø og landskap for kvart enkelt damanlegg og veganlegg som skal godkjennast av NVE før arbeida tek til. Tiltakshavar må avklare med kommunen om masseuttaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan.

**Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavar er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.**

### **2. Vilkår for driftskonsesjonen**

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:



## **2.1. Driftsplan**

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## **2.2. Bergteknisk ansvarleg og annan kompetanse**

Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

Ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass før drifta startar. Innan same dato skal Tiltakshavaren melde inn til DMF namnet på den ansvarlege og leggje ved meldinga dokumentasjon på at personen fyller krava til bergteknisk ansvarlege. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

Tiltakshavaren skal og, før drifta startar, melde inn til DMF namnet på verksemda som skal nyttast som underentreprenør og relevant kompetanse som dei har, slik at DMF kan vurdere om denne kan godkjennast. Slik godkjenning frå DMF er ein føresetnad for at drifta kan starte opp.

## **2.3. Andre vilkår**

Konsesjonsgrensa for massetaket, sjå vedlegg 1, skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.

## **3. Godkjenning av driftsplan**

DMF godkjenner driftsplanen for Steinbrudd i Eringsdalen. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, sjå vedlegg 1.

## **4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF**

Etter avtale med NVE, er fråsegner som NVE har motteke i samband med høyring av detaljplan for rehabilitering av damanlegg ved Høyanger kraftanlegg sendt oss i DMF. DMF har sett på dei høyringsfråsegna som inneholdt opplysningar knytta til og relevant for søknaden om driftskonsesjon for steinbrotet som konsesjonstildelinga etter minerallova gjeld for.



Det er i alt motteke 7 høyringsfråsegn. Av desse er 5 fråsegn knytta til steinbrotet. Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

#### Høyanger kommune

Høyanger kommune er positiv til rehabiliteringa. I gjennomføring av detaljplanen forventar kommunen at Statkraft Energi AS tek omsyn til landskapet og naturmiljø ved å halde inngrep på eit minimum, samt stelle i stand område der det skal gjennomførast midlertidige inngrep. I den samanheng må det nyttast stedeigen vegetasjon, og det bør nyttast driftsteknikkar som hindrar avrenning av finmassar til vassdrag. Vidare er det viktig at allmenn ferdsel vert sikra og lagt til rette for både i anleggsfasen og ved ferdigstilling av arbeida.

Steinbrotet er i kommuneplanens arealdel regulert til landbruks- natur og friluftsområde. Kommunen oppmodar om at det søkjast dispensasjon for tiltak som inneberer ny eller endra arealbruk.

#### DMF sine kommentarar

*DMF tek høyringsfråsegnet til etterretning. Den som tek ut massar pliktar iht. minerallova § 48 å utføre arbeida varsamt og ikkje gjere unødig skade på miljøet. Uttaket er omfatta av ureiningsforskrifta kapittel 30, og det skal sendast skriftleg melding til Fylkesmannen iht. § 30-11 i god tid før virksomhet tek til. I driftsplanen er det skildra at det skal nyttast stadeigne massar til arrondering og revegetering, og området skal sikrast.*

*DMF minner Tiltakshavar om at tildeling av driftskonsesjon ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.*

#### Fylkesmannen i Vestland

Når det gjeld steinbrotet konstaterer Fylkesmannen at det er planlagt å stelle i stand området etterpå, men vil likevel minne om at det berre må nyttast stadeigen vegetasjon. Når det gjeld tiltak for å hindre ureining frå arbeidet, viser Fylkesmannen til reglane om mellombels anleggstrift i ureiningslova § 8 og at stasjonære og mellombelse/mobile knuseverk vert regulert etter kapittel 30 i ureiningsforskrifta som gjeld ureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Etter § 30-11 skal det sendast skriftleg melding til Fylkesmannen.

#### DMF sine kommentarar

*I driftsplanen er det skildra at det skal nyttast stadeigne massar til arrondering og revegetering. DMF minner om meldeplikta til Fylkesmannen. DMF minner og Tiltakshavaren om krava som kjem fram av ureiningsforskrifta kapittel 30.*

#### Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomførte § 9 undersøkingar, jfr. lov om kulturminne, i juni 2018. Det vart ikkje registrert automatisk freda kulturminne i samband med kulturminneregistreringa. Fylkeskommunen merkar seg varslingsplikta i fall det kjem fram automatisk freda kulturminne i samband med tiltaksarbeid er med i den *Overordna detaljplan for miljø og landskap*. Sogn og Fjordane fylkeskommune har dermed ingen vesentlege kulturminnefaglege merknader til detaljplanen.

#### DMF sine kommentarar



*DMF tek Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt høyringsfråsegn til etterretning.*

Advokatfirma Hjort, på vegne av eigarane av gnr. 62, bnr. 1 og 4

Grunneigarane på gnr. 62, bnr. 1 og 4 meiner at den føreslårte lokaliteten for steinbrot ikkje er godt nok utgreidd, og at det bør føreligge alternative lokalitetar som ikkje har så store negative konsekvensar. Dei meiner at det planlagde masseuttaket vert synleg i lang tid.

DMF sine kommentarar

*DMF viser til at DMF ikkje er rett instans til å fastsetja kva bruken av eit areal skal nyttast til. Vidare er det DMF si vurdering at massane som skal tas ut og nyttast til damrehabilitering synest velegna til formålet. Drifta skal skje iht. godkjend driftsplan og minerallova.*

Merknader på vegne av Alexander Gjermundstad og Lise Dale Lillehaugen, gnr. 62, bnr. 1 og 4, v/Stig Bjaadal

Eigarane meiner det må finnast andre område som er betre egna til steinbrot enn den plassen som Tiltakshavar har vald. Store deler av Eringsdalen er allereie merka av tidlegare anleggsvirksemad. Steinbrotet vil bli svært synleg og det vil ta tid før store spor tilbake førast. Det stilles spørsmål ved at resultata frå prøvesprengningar ikkje er gjord tilgjengeleg.

DMF sine kommentarar

*DMF viser til at DMF ikkje er rett instans til å fastsetja kva bruken av eit areal skal nyttast til. Vidare er det DMF si vurdering at massane som skal tas ut og nyttast til damrehabilitering synest velegna til formålet. Drifta skal skje iht. godkjend driftsplan og minerallova.*

## **5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon**

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnsmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkeren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det også leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.



DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

### **5.1 Utvinningsrett**

Mineralførekomsten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eier. Tiltakshavaren er ikke grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd dokumentasjon på utvinningsretten til førekomsten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram vedtak om samtykkje til ekspropriasjon for førehandstiltreding for gjennomføring av damrehabilitering ved Høyanger kraftanlegg for mellom anna gnr 62/1, bnr 1 og 4, datert 05.02.2020, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Vedtaket gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

### **5.2 Arealstatus for tiltaket**

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 10 daa og går fram av vedlegg 1.

Området er i kommuneplanen sin arealdel sett av til landbruks- natur og friluftsområde (LNF). Det følgjer av vedtak datert 27.05.2019 at NVE godkjenner overordna detaljplan for miljø og landskap datert 01.10.2018 for damrehabiliteringar i Eringsdalen, Langedalen og Norddal ved Høyanger kraftanlegg i Høyanger og Balestrand kommunar. Eitt av vilkåra i vedtaket er at det skal sendast inn detaljplanar for miljø og landskap for kvart enkelt damanlegg og veganlegg som skal godkjennast av NVE før arbeida tek til. Tiltakshavar må avklare med kommunen om masseuttaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan.

### **5.3 Økonomien i prosjektet**

DMF vurderer at Statkraft Energi AS er økonomisk skikka.

### **5.4 Driftsplan**

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket, vedlegg 1.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikning presenterer den planlagde brytinga av førekomsten innanfor arealet på 10 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal



takast ut er estimert til 50 000 m<sup>3</sup>. Det planlagde årlege uttaket er 30 000 – 50 000 faste m<sup>3</sup>. Det er planlagt drift i ein etappe med uttak av nordvestlege del først, start i konsesjonsområdet som grenser til område avsett til mellomlagring, og med ein driveretning mot sør aust som følje av sprekkemønster i berget. Bruddsåla ligg omtrent ein meter over eksisterande veg.

Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til naturleg revergetert område, sjå utreiing i driftsplanen, vedlegg 1.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Steinbrudd i Eringsdalen godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan kreve at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

## 5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Tiltakshavar har gjort greie for korleis man ser for seg å ta ut førekomensten i sin driftsplan. Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg.

## 5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden opplyst at verksemda per i dag ikkje har fått på plass ein bergteknisk ansvarleg for uttaket med den kompetansen som det er krav om.

DMF tek inn som eit vilkår i konsesjonen at ein bergteknisk ansvarleg for uttaket, med dei nødvendige kvalifikasjonane, skal vere på plass før drifta startar. Innan same dato



skal Tiltakshavaren sende skriftleg melding til DMF om namnet på den bergteknisk ansvarlege og leggje ved meldinga dokumentasjon på at personen fyller dei nødvendige kvalifikasjonskrava. Dersom verksemda skal leige inn den ansvarlege, skal dokumentasjon på avtalen mellom Tiltakshavaren og den bergteknisk ansvarlege leggjast ved meldinga.

Tiltakshavaren skal også, før drifta startar, melde inn til DMF namnet på verksemda som skal nyttast som underentreprenør og relevant kompetanse som dei har, slik at DMF kan vurdere om innhaldet kan godkjennast. Slik godkjenning frå DMF er ein føresetnad for at drifta kan starte opp.

### 5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

#### *Biologisk mangfald – vurdering etter naturmangfaldlova*

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Overordna detaljplan for miljø og landskap, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte den 15. juli 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Førevar-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

#### *Konsekvensar av tiltaket for kulturminner*

Kulturminne er handsama som eit eige tema i overordna detaljplan for miljø og landskap, og fylkeskommunen gjennomførte feltundersøkingar på areal for planlagd steinbrot i juni 2018. DMF støttar seg til dei vurderingane som blei gjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

#### *Avrenning – vurdering etter forureiningsforskrifta § 30-6*

DMF minner om forureiningsforskrifta kapittel 30 og plikta til å melde frå til forureiningsstyresmakta ved oppstart av verksemda. DMF understrekar at Tiltakshavaren har plikt til å halde seg innanfor dei grenseverdiane som er fastsette i § 30-6 av forskrifta.

#### *DMF sin konklusjon*

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevast driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.



## **5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift**

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Anleggsvegen i Eringsdalen var ikkje knytt til offentleg vegnett da søknad om driftskonsesjon etter minerallova vart send til DMF, men slik tilknytning skulle skje i løpet av 2019. I anleggsperioden for damrehabiliteringane vil adkomsten vere begrensa til anleggstrafikk. Det vil i følgje Tiltakshavar derfor ikkje vere privat trafikk på anleggsvegen forbi steinbrotet. Området er likevel tilgjengeleg til fots, og sikringstiltak er nødvendig. Sikring av steinbrotet planleggjast med sperrekjetting eller liknande.

DMF har kome til at tilhøvet til omgjevnadane og nærliggjande område under drift ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

## **5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling**

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga byggjeråstoff. Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg. Byggjeråstoffet i Steinbrudd i Eringsdalen skal nyttast til damrehabiliteringar i Eringsdalen, Langedalen og Norddalen ved Høyanger kraftanlegg.

## **5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området**

Planen er å føre brotområdet tilbake til naturleg revergetert område.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

## **6. Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast**

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

## **7. Plikter for Tiltakshavaren**

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

### **Meldeplikt ved oppstart og stans av drift**

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal Tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

### **Drifta skal utførast med varsemd**



Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

### **Forsvarleg sikring og opprydding**

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

### **Ansvaret til bergteknisk ansvarleg**

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomensten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

### **Rapportering**

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på [dirmin.no](http://dirmin.no).

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

## **8. Rett til å klage**

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing



Marte Kristoffersen  
seksjonsleiar

Maria Lauritzen  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Maria Lauritzen

Vedlegg:

Vedlegg 1 til driftskonsesjon etter mineralloven for Steinbrudd i Eringsdalen

Mottakarar:

Statkraft Energi AS	Postboks 200 Lilleaker	0216 OSLO
---------------------	------------------------	-----------

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Høyanger kommune	Postboks 159	6991 Høyanger
Balestrand kommune	Kong Beles v. 20	6899 BALESTRAND
Advokatfirmaet Hjort DA	Postboks 471 Sentrum	0105 OSLO
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Dale Jordsameige v/ Alexander Heggenes	Dalevegen 47	6993 HØYANGER
Gjermundstad		
Randi Dale	Dalevegen 40	6993 HØYANGER
Sigbjørn Dale	Dalevegen 44	6993 HØYANGER
Stig Bjaadal	Borgemarka 36 B	3711 SKIEN
Høyanger jakt og fiskelag	Postboks 225	6991 HØYANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301 OSLO